



# Oppsummering av innspel Maurangervassdraget

	Avsendar	Innspel	Vurdering av kommunen	Miljømål
1	Bygdelaget Vikebygdkrinsen og Buførevegens Vener	Ynskje om ei bru over elva mellom Torsnutvatnet og Røvavatnet.	Viktig. Turistane og grunneigarane skal kunna nytta den og ha ei god oppleving av friluftslivet.	Friluftsliv.
2	Wahl-Larsen Advokatfirma AS på vegne av Botsvatn Grunneigarlag	Grunneigarlaget krev at ein set krav til heilårs minstevassføring frå Skarvabotnvatn. Grunnlag for kravet er primært omsyn til landskap og friluftsliv. Minstevassføringa må vera så stort at det ivaretek hensynet til biologisk mangfald i vassdraget, fisken og grunneigarane og ålmenta. Minstevassføringa vil også reparera dei skadeverknadane som tørrlegginga har medført.	Svært viktig.	
3	Harald Prestegard	Avbøtande tiltak i Jondalselva. Setja ut smolt for å få tilbake ei god lakseelv.	Viktig	



4	Grunneigarar av gård 153 Reisæter	<p>Ynskjer raskare fylling av vasstanden i Dravladalsvatnet.</p> <p>Ynskjer betre dekke i veg for båtopptrekket. Om hausten vaskar bølgene ut finmassane i vegen slik at det er kun store steinar som ligg att. Dekke bør støypast.</p> <p>Ynskjer at stien frå Dammen og inn i Dravladal bør fiksast. Området rundt kjettingen krev vedlikehald. Stien vart laga i samband med utbygginga då den gamle stien vart demt ned.</p>	<p>Svært viktig.</p> <p>Viktig.</p> <p>Viktig.</p>	
5	Fylkesmannen i Vestland	Fylkesmannen i Vestland gjev innspel på to elvar i Kvinnherad kommune; Øyreselva og Austrepollelva. Dei meiner det bør vera krav om minstevassføring heile året i Øyreselva og greiast ut kva som er tilstrekkeleg vassføring i Austrepollelva.	Desse innspela gjeld Kvinnherad kommune.	
6	Forum for natur og friluftsliv Hordaland (FNF Hordaland)	FNF Hordaland oppfordrar Ullensvang kommune saman med Kvinnherad kommune om å krevja minstevassføring i Øyreselva og Austrepollelva for laksefiske heila året. FNF Hordaland meiner at minstevassføringa bør settast ut ifrå	Desse innspela gjeld Kvinnherad kommune.	





		naturleg lågvassføring.		
7	Folgefonna nasjonalparkstyre	Nasjonalparkstyret vil at det innan landskapsvernområdet og nasjonalparken vert sett krav om minstevassføring både sommar og vinter. Konkret bør dette gjelda innløpselva til Botnavatnet og utløpet frå Heimstra Brufossvatnet.  Nasjonalparkstyret ynskjer at det vert sett føringar for spyling og utslepp av vatn med store mengder sediment.	Svært viktig.  Svært viktig.	

Konsesjonen i Maurangervassdraga er klassifisert av NVE i kategori 1.1; konsesjonar med høgpåverknad (kat.5), særleg innan landskap og friluftsliv. Store deler av reguleringa ligg innafor Folgefonna nasjonalpark. Kommunane ber NVE pålegga konsesjonæren å gjennomføra naudsynte miljøkartleggingar med relevante fagtema frå revisjonskravet. Kartleggingane må ta omsyn til dagens oppdaterte miljøkrav og moglege avbøtande tiltak.

